



Andersland, Svein

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/195 - 20/60512

Saksbehandlar:

Rolf Raknes

rolf.raknes@alver.kommune.no

Dato:

25.09.2020

10204419 Manger sentrum aust - Referat møte 21.09.2020 - svar til plankonsulent

Visar til møte 21.09.2020 der Alver kommune sin plan for ny brannstasjon på Manger var tema. Manger sentrum aust.

Kommunen takkar for godt møtereferat der konklusjonane frå møtet kjem klart fram.

Når det gjeld oppdraget og oppgåvene knytt til dykkar konsulentbistand har det heilt frå starten vore ei klar forventning frå kommunen si side at dei vegtekniske utfordringane var det som hadde størst trong for merksemd. Etter første høyring var det mange merknader frå vegmynde og det vart difor halde eige undervegs møte saman med dei. Etter dette møtet fekk dykk nytt oppdrag der bestillinga var tydeleg på at alle påpeika utfordringar til det vegtekniske måtte løysast før ny 2 gong høyring. Men etter andre gong høyring var det framleis mange merknader.

Undervegs i denne prosessen har Radøy kommune blitt slege saman med Lindås og Meland kommunar til Alver kommune. I Alver kommune har organiseringa vorte endra og difor har planen fått ny sakshandsaming. Alver kommune Plan og Analyse tok igjen tak i planen og gav dykk i oppdrag å lage nytt framlegg til plan som me ville skulle leggjast ut til avgrensa høyring, men leveransen vart då avvist av Alver kommune – planforvaltning med melding om at det framleis var manglar i planframlegget. Med bakgrunn i dette vil Alver kommune Plan og Analyse hevde at siste del av dykkar oppdrag ikkje er endeleg levert, då bestillinga var å gjere framlegget klart for avgrensa høyring.

Etter dei siste nye avklaringsmøta er no alle partar einige om kva som skal leggjast fram, Alver kommune Plan og Analyse vil hevde at desse «mindre» tilpassingane bør vera ein del av opprinneleg betalt avtale. Men me vil høyre på dykkar eventuelle motargument og er open for forhandling.

Alver kommune – planforvaltning v/sakshandsamar Lennart Falkenberg vil no ta i mot nytt revidert planframlegg direkte og sende det til avgrensa høyring. (3. gong). Dette gjeld særleg vegmynde, då tekniske vegteikningar ved ein feil ikkje vart med på førre høyring.

Alver kommune takkar for konstruktivt samarbeid med dykk i ein utfordrande overgangsfase til ny kommune, og vonar at planprosessen no kjem vidare til endeleg godkjenning snarast mogeleg.

Alver kommune – Plan og Analyse avventer snarleg tilbod om utarbeiding av VA rammeplan for området.

Rolf Raknes
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lennart Falkenberg-Arell
Line Merete Valle

Mottakarar:

Andersland, Svein